

Kva:	Møte nr. 06 i Langrennskomiteen, 2023-2025
Tidspunkt:	Tysdag 5. mars 2024, kl. 20:00-21:30
Stad:	Digitalt via Microsoft Teams
Sakliste:	<i>REFERATSAKER</i> <i>SAK 39 23-25 Godkjenning av innkalling og sakliste</i> <i>SAK 40 23-25 Godkjenning av protokoll nr. 05 23-25 i langrennskomiteen</i> <i>DISKUSJON- OG VEDTAKSSAKER</i> <i>SAK 41 23-25 Saker til vårmøte 2024</i> <i>ORIENTERINGSSAKER</i> <i>SAK 42 23-25 Sognefjellet Sommarskiskule</i> <i>SAK 43 23-25 Trenarkurs på Sognefjellet</i> <i>SAK 44 23-25 Kong Haralds Ungdomsstafett 2024</i> <i>RAPPORTERINGSSAKER</i> <i>SAK 45 23-25 Rekneskap 2023</i> <i>SAK 46 23-25 Revidert budsjett 2024 LK</i> <i>EVENTUELT</i> <i>SAK 47 23-25 Skitinget 2024 og NSF vårmøte</i>
Til stades:	Tor Arne Hov, Laila Bosdal-Thorsen, Reidun Smørdal Hjelle, Eline Orheim, Torstein Blikra, og Kennet Dvergedal (adm.)
Forfall:	
Referent:	Kennet Dvergedal

REFERATSAKER

SAK 39 23-25

Godkjenning av innkalling og sakliste

Bakgrunn

Innkalling og sakliste med vedlegg er utsendt på førehand.

VEDTAK

Langrennskomiteen godkjenner innkalling og sakliste.

SAK 40 23-25

Godkjenning av protokoll nr. 05 23-25 i langrennskomiteen

Bakgrunn

Protokoll nr. 05 23-25 frå langrennskomiteen er sendt ut og godkjent elektronisk tidlegare. Protokollen ligg også vedlagt.

VEDTAK

Langrennskomiteen godkjenner protokoll nr. 05 23-25.



DISKUSJON- OG VEDTAKSSAKER

SAK 41 23-25

Saker til vårmøte 2024

Bakgrunn

Skikrinsstyret har gjort vedtak om at Vårmøte 2024 skal avviklast 15. april digitalt via Microsoft Teams.

Tentativt rammeprogram:

Kl. 18:00-18:50: Fellesdel

Kl. 19:00-21:00: Vårmøter i alpint, hopp/ kombinert, og langrenn

Ifbm. Vårmøte 2023 la ein til grunn følgjande sakliste:

Saker til informasjonsskriv:

- Breiddesamlingar
- Krinslaget 2023-2024
- Team Elon Vest (team Vest)
- Økonomi/ marked

Saker til vårmøte:

- Oppsummering av sesongen 2022-2023
- Evaluering krinslagssesongen 2022-2023
- Rekruttering
- Rammer for terminlista 2023-2024
 - o Rulleskicup

VEDTAK

Langrennskomiteen gjer vedtak om at følgjande saker blir prioritert for diskusjon i vårmøte:

- Oppsummering av sesongen
- Breiddesamlingar
- Innspel til terminlista
- Nye arrangement (nye konsept)

Vidare gjer langrennskomiteen vedtak om at det blir laga til eit informasjonsskriv og sendt til klubbar i framkant. Adm. og LK leiar følgjer opp.

ORIENTERINGSSAKER

SAK 42 23-25

Sognefjellet Sommarskiskule

Bakgrunn

Sognefjellet Sommarskiskule er ei miljøsamling for aldersgruppa 11-16 år, første veka i sommarferien. Skiskulen vart gjennomført førre gong i 2019.



Tentativt rammeprogram for Sognefjellet Sommarskiskule 2024:

Måndag 24. juni: Oppmøte Skjolden kl. 18:00–bli kjend og barmark

Tysdag 25. juni: Skiøkte Sognefjellet

Onsdag 26. juni: Skiøkte Sognefjellet

Torsdag 27. juni: Skiøkte Sognefjellet

Fredag 28. juni: Barmark Skjolden og avslutning om lag kl. 18:00

Alternativ til skiskulen er miljøsamling på Sognefjellet:

Fredag 14. juni: Oppmøte Skjolden kl. 18:00–bli kjend og barmark

Laurdag 15. juni: Skiøkte Sognefjellet

Søndag 16. juni: Skiøkte Sognefjellet – avslutning om lag kl. 16

VEDTAK

Langrennskomiteen tek saka til orientering. Vidare gjer langrennskomiteen vedtak om å planlegge for sommarskiskule 24.-28. juni med eit arbeidsmøte tysdag 12. mars kl. 20:30. Adm. følgjer opp.

SAK 43 23-25

Trenarkurs på Sognefjellet

Bakgrunn

Saka blir presentert i møtet.

VEDTAK

Langrennskomiteen tek saka til orientering. Adm. følgjer opp med NSF.

SAK 44 23-25

Kong Haralds Ungdomsstafett 2024

Bakgrunn

Kong Haralds Ungdomsstafett 2024 arrangerast i Holmenkollen 9. mars i samband med FIS World Cup Nordisk/ Raw Air.

Ungdomsstafetten er en mixed-stafett for aldersgruppa 15 og 16 år over 4 etapper á 3,5 km. Alle etappene er i friteknikk.

Sogn og Fjordane Skikrins stiller med 1 lag.

Lagsamansetning:

J15 år: Ida Frøysland, Førde IL

G15 år: David Amsrud Husa, Førde IL

J16 år: Othilie Bosdal-Thorsen, Førde IL

G16 år: David Engesæter, Førde IL

VEDTAK

Langrennskomiteen tek saka til orientering.



RAPPORTERINGSSAKER

SAK 45 23-25

Rekneskap 2023

Bakgrunn

Rekneskapen for 2023 er vedlagt.

Nøkkeltal for langrennskomiteen:

- Driftsinntekter LK: kr. 1 398 650,-
- Driftskostnader LK: kr. -1 503 938,-
- Resultat: kr. -105 288,-

Eigenkapital LK pr. 31.12.2023: kr. 438 419,-

VEDTAK

Langrennskomiteen godkjenner rekneskapen for 2023.

SAK 46 23-25

Revidert budsjett 2024 LK

Bakgrunn

Revidert budsjett 2024 for langrennskomiteen er vedlagt.

VEDTAK

Langrennskomiteen godkjenner revidert budsjett.

EVENTUELT

SAK 47 23-25

Skitinget 2024 og NSF vårmøte

Bakgrunn

Norges Skiforbund inviterer til Skitinget 2024 i Bodø 8.-9. juni. NSF Vårmøte langrenn blir gjennomført dagane i framkant 6.-7. juni.

VEDTAK

Langrennskomiteen tek saka til orientering.

Neste møte i langrennskomiteen: Tysdag 2. april kl. 20:00-21:30 digitalt

Med venleg helsing
Sogn og Fjordane Skikrins

Tor Arne Hov (s)
Leiar LK

Kennet Dvergedal (s)
Adm. sjef